



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 23.06.2025

Vår ref.: 202309676-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for Årøy 1 kraftverk i Årøyvassdraget i Sogndal kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein førespurnad frå Sognekraft Produksjon AS om vurdering av konsesjonsplikt for opprusting og utviding av Årøy 1 kraftverk. Førespurnaden blir no send på høyring med høyringsfrist 25.08.2025.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det krevst kunngjering og brei offentleg høyring. Førespurnaden om vurdering av konsesjonsplikt sendes derfor berre på høyring til Luster kommune, Sogndal kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland.

Om tiltaket

NVE har fått ein førespurnad frå Sognekraft Produksjon AS, datert 18.06.2025, om vurdering av konsesjonsplikt for opprusting og utviding av Årøy 1 kraftverk i Årøyvassdraget. Det er planlagt å rehabilitere inntaket, skifte ut nedre del av vassvegen og å bygge ny kraftstasjon. Det er samstundes planlagt å auke slukeevna frå 3,5 m³/s til 9 m³/s og auke installert effekt frå 3,7 MW til 9,9 MW. Gjennomsnittleg årsproduksjon vil då auke frå 28 GWh til 40 GWh. Førespurnaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9105/V.

Førespurnaden skal behandlast etter vassdragsreguleringslova § 4 og vurderast etter § 3 i same lov. NVE skal på bakgrunn av førespurnaden vurdere om tiltaket gir skade og ulempe av slik betydning for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt etter vassdragsreguleringslova.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemelding på om kjende allmenne interesser blir ramma av tiltaket, som til dømes friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Vi ønskjer også informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9105/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202309676 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202309676 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **25.08.2025**.

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Marianne Angård

Førstekonsulent

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

LUSTER KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
SOGNDAL KOMMUNE

Kopimottakarliste:

SOGNEKRAFT PRODUKSJON AS